



Kommunane i Vestland

Saksbehandlar, innvalstelefon

Håvard Rød, 5557 2143

## Revidert nasjonalbudsjett 2021 og kommuneoppblegget for 2022

Statsforvaltaren gir i dette brevet eit oversyn over hovudpunktene i framlegget til revidert nasjonalbudsjett 2021 og kommuneoppblegget for 2022, jf. prop. 192 S.

I brevet betyr «kommunane» primærkommunane utan at fylkeskommunane er med, og «departementet» betyr Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD).

### Endringar i det økonomiske oppblegget for 2021

#### Pris- og kostnadsvekst

Kostnadsdeflatoren er uendra på 2,7 prosent frå statsbudsjettet til revidert nasjonalbudsjett (NB), men fordelinga mellom lønsvekst og prisvekst er endra:

	statsbudsjettet	revidert NB
lønsvekst	2,2 prosent	2,7 prosent
prisvekst varer og tenester	3,5 prosent	2,8 prosent
samla prisvekst	2,7 prosent	2,7 prosent

#### Skatteinntekter

I revidert nasjonalbudsjett er pårekna skatteinntekter for kommunane justerte opp med om lag kr 2,7 mrd. frå nivået i statsbudsjettet. Pårekna skatteauke i prosent for kommunane i år, samanlikna med innkomen skatt i 2020, blir med dette justert frå 7,0 prosent til 8,6 prosent. Auken i pårekna skatt i år skuldast i hovudsak auka løns- og sysselsetningsvekst.

#### Koronapandemien - kompenserande tiltak

##### *Særskilt om 1. halvår 2021*

I Stortinget sitt budsjettvedtak for 2021 vart det i eige tilleggsnummer gitt ei tilleggsløyving på om lag kr 6,2 mrd. til kommunane som følgje av koronapandemien. Løyvinga vart gitt for første



halvår i år. Løyvinga vart fordelt mellom kr 4,7 mrd. i auka innbyggjartilskot og kr 1,5 mrd. i auka skjønstillskot.

Av auken i innbyggjartilskotet vart kr 4,4 mrd. fordelt etter talet på innbyggjarar. Kr 321 mill. vart gitt til kontrolltiltak med smittevern, minst kr 0,5 mill. per kommune. Dessutan er det på termin 3 for rammetilskotet betalt ut kr 500 mill. ekstra til dekning av utgifter til korona-vaksinasjon. Midlane er fordelte etter innbyggjartal.

Føremålet med løyvinga på kr 1,5 mrd. i skjønstillskot er å ta omsyn til variasjonar mellom kommunane sine utgifter knytte til smittevern og oppfølging av TISK-strategien. Meininga med å fordele ein stor del av midlane som skjønstillskot, er å kunne målrette kompensasjonen til kommunane med høgast meirutgifter. I departementet si fordeling av denne ramma mellom fylka, er det lagt vekt på høge meirutgifter til smittevern og oppfølging av TISK-strategien.

Statsforvaltarane har frist til 14. juni d.å. med å fordele midlane mellom kommunane i kvart av fylka. Det er planlagt utbetaling til kommunane i termin 7 for rammetilskotet, det vil seie 2. juli.

#### *Særskilt om 2. halvår 2021*

Det er i revidert nasjonalbudsjett framlegg om ei tilleggsloeyving til kommunane i samband med koronapandemien på om lag kr 5,6 mrd. Denne består av:

- a) kr 2,5 mrd., fordelt med kr 1,0 mrd. på innbyggjartilskotet etter talet på innbyggjarar og kr 1,5 mrd. i skjønstillskot. Ein stor del av løyvinga blir difor gitt som skjønsmidlar. Meininga er som for første halvår å målrette midlane til dei kommunane som er hardast ramma av pandemien.
- b) kr 757 mill. til vaksinasjon fordelt etter innbyggjartal og kr 100 mill. til dekning av personell-kostnader i samband med testing, for dei kommunane der dette er relevant.

Kompensasjonane i punkt a og punkt b kjem som auke på rammetilskotet.

- c) kr 1153 mill. til karantenehotell.
- d) kr 1,0 mrd. til kommunal kompensasjonsordning for lokale verksemder.
- e) kr 79 mill. for å ivareta psykisk helse og sårbare grupper.

#### Særskilt til punkt d - kompensasjon lokale verksemder

Stortinget har i februar i år løyvd kr 1,75 mrd. for at kommunane skal kompensere lokale verksemder som er ramma av nasjonale eller lokale smitteverntiltak. Desse midlane til kommunane kjem i tillegg til kr 250 mill. som vart løyvd av Stortinget i desember i fjor til føremålet for 2020.

Fordeling av kr 1,0 mrd. av løyvinga på kr 1,75 mrd. går fram av brev frå departementet av 25. februar. Fordeling av den andre delen av løyvinga, kr 0,75 mrd., går fram av brev frå departementet av 15. april. I revidert nasjonalbudsjett er det no framlegg om kr 1,0 mrd. til føremålet, i tillegg til det som Stortinget løyvde i februar. Løyvingane frå februar og no i revidert nasjonalbudsjett vil med dette bli på til saman kr 2,75 mrd. og er øyremerkte på kap. 553, post 68.



## Kommuneopplegget for 2022 - generelt

Det er gitt signal om ein realvekst i dei frie inntektene for kommunane på mellom kr 1,6 mrd. og kr 2,0 mrd. frå 2021 til 2022. Veksten er rekna frå det pårekna inntektsnivået i 2021 som no er lagt til grunn i revidert nasjonalbudsjett. Det vil seie at pårekna meirskatt i revidert nasjonalbudsjett, kr 2,7 mrd., er med i grunnlaget når veksten til 2022 blir rekna.

Mellombelse tiltak, som koronatiltaka, vil ikkje inngå i grunnlaget for veksten til 2022.

Den pårekna inntektsveksten er realauke. Priskompensasjon frå 2021 til 2022 vil difor kome som eit tillegg i inntektene. Prisindikatoren som blir nytta til priskompensasjon, vil bli kjent i statsbudsjettet til hausten.

Innlemming av øyremerkte tilskot i rammetilskotet kjem også som eit tillegg til realauken i dei frie inntektene.

Veksten i dei frie inntektene må blant anna finansiere auka demografikostnader. Den delen av veksten i kommunesektoren sine demografikostnader som må bli finansierte av dei frie inntektene, er førebels rekna til kr 936 mill. Denne veksten kan bli fordelt med kr 566 mill. på kommunane og kr 370 mill. på fylkeskommunane. Det er stor uvisse knytt til desse overslaga.

Det kommunale skatteøyret for 2022 vil bli fastsett ved handsaminga av statsbudsjettet for 2022. Det blir lagt opp til å fastsetje skatteøyret på grunnlag av målsetjinga om at skatteinntektene skal utgjere om lag 40 prosent av kommunane sine samla inntekter.

### Pensjonskostnader

Veksten i dei frie inntektene må også finansiere veksten i pensjonskostnadene. Det er rekna ein vekst i kommunesektoren sine samla pensjonskostnader på om lag kr 600 mill. i 2022, ut over pårekna lønsevokst. Det er stor uvisse knytt til dette overslaget. Vi kan omtrentleg fordele denne veksten i pensjonskostnadene med 90 prosent på kommunane og 10 prosent på fylkeskommunane.

Endra reguleringsmetode for pensjonar under utbetaling i 2021 gir auka pensjonspremier for kommunesektoren i 2021. Dette vil bidra til ein vekst i dei samla pensjonskostnadene for 2022. Det er teke omsyn til denne verknaden i dei pårekna meirkostnadene til pensjon i 2022, som er samla kr 0,6 mrd. for kommunesektoren.

Reduksjon i kravet til premiereserve pensjon gjer at det for 2021 er frigjort om lag kr 20 mrd. Det samla beløpet blir overført til kommunane og fylkeskommunane sine premiefond. Kommunane kan nytte desse midlane til delbetaling av dei årlege pensjonspremiane. Bruk av premiefond til å betale premie vil føre til at kommunane sine utbetalingar av pensjonspremie til pensjonsordning blir redusert tilsvarende. Bruk av premiefond vil bidra til at kommunane sine samla pensjonskostnader det neste året blir reduserte.

Kommunane står i utgangspunktet fritt til å avgjere kor lang tidsperiode dei frigjorde midlane skal nyttast til å betale premiane. Basert på ei ansvarleg økonomiforvaltning, bør kommunane fordele bruken av midlane over tid med sikte på ei jann utvikling i pensjonskostnadene.



Departementet har i overslaget for dei samla pensjonskostnadene for 2022 lagt til grunn at kommunane fordeler bruken av dei frigjorde midlane over ein periode på sju år. Det vil seie at kommunane nyttar 1/7 av midlane til å dekke pensjonspremiane i 2021. Departementet legg opp til at det også i overslaget for pensjonskostnader i 2023 og for dei neste åra fordeler bruken av midlane over sju år.

Statsforvaltaren rår kommunane til å fordele bruken av dei frigjorde midlane i samsvar med det departementet her har lagt til grunn.

Departementet kjem attende med oppdatert overslag for pensjonskostnader i statsbudsjettet for 2022.

## Barnevernreforma

Barnevernreforma trer i kraft 1. januar 2022. Reforma inneholder både kvalitetstiltak og endringar i ansvarsdelinga mellom stat (Bufetat) og kommunane. Tiltak for å styrke den kommunale styringa av barnevernet er ein del av reforma.

Kommunane vil som ein del av reforma få auka finansieringsansvar for ordinære fosterheimar og skal betale auka eigendelar for tiltak gitt av Bufetat. Kommunane vil også få eit meir heilskapleg ansvar for oppfølging av fosterheimar. Kommunane skal bli kompenserte for auka ansvar gjennom auke i dei frie inntektene.

Den statlege refusjonsordninga for forsterking av kommunale fosterheimar blir avvikla. Kommunane får med dette eit auka finansieringsansvar for ordinære fosterheimar. Dei midlane som Bufetat nyttar på dette no, vil bli overførde til kommunane gjennom rammetilskotet.

Reforma inneber at kommunane skal betale høgare eigendelar for institusjons-, fosterheims- og hjelpetiltak gitt av Bufetat. Endringar i kommunale eigendelar som følgje av barnevernsreforma:

	Månadleg eigendel 2021 (kroner)	Månadleg eigendel 2022 (kroner)
Institusjon	76 900	170 000
Spesialisert fosterheim og beredskapsheim	36 200	85 000
Spesialiserte hjelpetiltak	18 100	15 000

Dei nye eigendelane som følgjer av barnevernreforma, er førebelse overslag. Eigendelane vil bli fastsette endeleg i statsbudsjettet for 2022.

For spesialiserte hjelpetiltak er den kommunale eigendelen i 2022 lågare enn eigendelen som kommunane no betaler for hjelpetiltak frå Bufetat. Denne reduksjonen vil fremje målsetjinga om bruk av hjelpetiltak i staden for plasseringstiltak, under føresetnad av at dette er til det beste for barnet.

Det er berekna at kommunane på sikt må betale om lag kr 1,7 mrd. meir per år i eigendelar for statlege tiltak samanlikna med 2020. I tillegg vil Bufetat sine utgifter på om lag kr 400 mill. til hjelpetiltak, refusjonsordninga for fosterheimar og rettleiing av fosterheimar bli overførde til



kommunane. Det samla økonomiske opplegget for reforma vil difor utgjere om lag kr 2,1 mrd. per år, som kommunane må bli kompensert for gjennom auke i rammetilskotet.

Kompensasjonen i 2022 vil vere noko lågare. Departementet legg opp til å overføre om lag kr 1,6 mrd. til kommunane i 2022. Det skuldast at kommunane skal betale noverande eigendelar for fosterheimspllasseringar som er inngått før 1. januar 2022. Kommunane vil i 2022 også betale inn eigendelar på noverande nivå for pllasseringar gjort i siste del av 2021. Det endelige nivået på kompensasjonen blir fastsett ved handsaminga av statsbudsjettet for 2022.

Kompensasjonen til kommunane over rammetilskotet vil bli fordelt etter kostnadsnøkkelen for barnevern. Kompensasjonen vil difor kunne avvike noko frå dei noverande faktiske utgiftene for den einskilde kommunen. For å dempe overgangen for kommunar som no har høge utgifter, vil halvparten av kompensasjonen bli fordelt særskilt i 2022 og 2023. Denne særskilde fordelinga vil vere basert på faktisk bruk av tiltak i rekneskapsåret 2020.

#### *Innlemming av øyremerk tilskot barnevern*

Det er lagt opp til at øyremerkte midlar til stillingar i det kommunale barnevernet skal bli innlemma i rammetilskotet frå det same året som barnevernsreforma trer i kraft. Det øyremerkte tilskotet er no på kapittel 854, post 60. Løyvinga i 2021 er kr 820 mill. Regjeringa vil i statsbudsjettet for 2022 gjere framlegg om å innlemme midlane i rammetilskotet til kommunane.

#### **Ressurskrevjande tenester - tilleggskompensasjon**

I 2021 er det ein særskilt kompensasjon med skjønstilskot til mindre kommunar som har høge utgifter til ressurskrevjande tenester. Ordninga er administrert av departementet. Midlane i 2021 vil bli fordele til kommunane etter den ordinære utbetalinga i toppfinansieringsordninga for ressurskrevjande tenester i juli.

Regjeringa gjer framlegg for 2022 om å gå bort frå denne fordelinga av skjønsmidlar og heller gå over til ei ordning som tek utgangspunkt i det ordinære øyremerkte toppfinansieringstilskotet. Det er framlegg om følgjande kriterium for at kommunar skal vere kvalifiserte for tilskotet:

- ha mindre enn 3200 innbyggjarar
- ha høge utgifter til ressurskrevjande tenester
- ha gjennomsnittlege skatteinntekter dei siste tre åra som er lågare enn 120 prosent av landsgjennomsnittet

Berekningsgrunnlaget vil vere dei innrapporterte nettoutgiftene i den ordinære toppfinansieringsordninga. Det vil vere utgifter som ikkje blir dekte av tilskotet i den ordinære ordninga, det vil seie utgifter opp til innslagsnivået med tillegg av 20 prosent av utgiftene over innslagsnivået.

Det er framlegg om ei samla ramme på kr 55 mill. som tilleggskompensasjon for 2022. Den samla kompensasjonen vil bli finansiert av eit trekk i innbyggjartilskotet, slik at alle kommunar er med å finansiere ordninga med eit like stort beløp per innbyggjar. Kommunane vil bli kompenserte med 80 prosent av utgiftene over ein terskelverdi per innbyggjar. Det er for tidleg å seie kor høg denne terskelverdien vil bli i beløp.

Nærare informasjon om dette vil kome i statsbudsjettet til hausten.



## **Skjønstilskot**

Basisramma blir fordelt til kommunane av statsforvaltarane.

Basisramma for skjønstilskot til kommunane for heile landet blir videreført på same nominell nivå frå 2021 til 2022, det vil seie med kr 850 mill. Ramma er over tid blitt redusert år for år. Som følgje av uvisse knytt til konsekvensane av koronapandemien, er det ikkje framlegg om reduksjon i den samla basisramma til kommunane i 2022.

Det kan for 2022 bli endring i fordelinga av ramma mellom statsforvaltarane.

Overgangsordninga INGAR tek ikkje omsyn til endringar i skjønstilskot.

## **Inntektssystemet**

Det er ikkje framlegg om vesentlege endringar i inntektssystemet frå 2021 til 2022 for kommunane. Vi viser difor til omtale av inntektssystemet i vårt brev av 7. oktober 2020 til kommunane om statsbudsjett 2021.

Med helsing

Gunnar O. Hæreid  
fung. statsforvaltar

Nils Erling Yndesdal  
kommunaldirektør

Dersom det er spørsmål til innhaldet i brevet, kan kommunane ta kontakt med Håvard Rød (55572143), Marit Lunde (57643005) eller Kåre Træen (57643004 ) hjå Statsforvaltaren.

*Dokumentet er elektronisk godkjent*